
MOLVÆR BARNEHAGE

ÅRSPLAN 2026/2027



AKTIV OG GLAD I EIT TRYGT MILJØ

BARNEHAGEÅRET 2026-2027

VELKOMMEN TIL OSS I MOLVÆR BARNEHAGE

Postboks 280, 6039 LANGEVÅG Geilneset 31, 6030 LANGEVÅG
Email: anne-kari.vadset@sula.kommune.no

Styrar: Anne Kari S. Vadset - mobil 414 68 780/957 10 298



KØYLA

24 plassar for barn i alderen 3-6 år

Pedagogiske leiarar:
Miriam Havnegjerde
Linda Navelsaker

Fagarbeidar:
Janne Lise Gjerdsbakk Håvik

Assistent:
Dorota Pietrzak-Kogut

Tel: 48 09 33 43 og 48 01 57 80




MØLEN

18 plassar for barn i alderen 3-6 år

Pedagogisk leiarar
Mariann Hjertø Sandvik
Natalie Kristiansen Nybø (vikar for Mariann)

Fagarbeidarar:
Synnøve Molnes (permisjon til og med desember)
Ingun Urke

Tel: 48 08 96 69 og 46 95 64 55



JAKOBFJØRA

12 plassar for barn i alderen 1-3 år

Pedagogiske leiarar:
Kristine Sandvik Vadset
Natalie Kristiansen Nybø

Fagarbeidarar:
Linn Sofi Vegsund

Assistentar:
Liga Purpisa
Amalie Måseidvåg (vikariat for Synnøve)

Tel: 48 10 13 37 og 48 22 81 52



GEILNESET

12 plassar for barn i alderen 1-3 år

Pedagogisk leiarar:
Hanne Weibust Rolland
Marthe Vadseth

Fagarbeider:
Monica Aspehaug

Assistent:
Linda Dybvik

Tel: 48 08 94 81 og 94 14 03 32

Vår spesialpedagog: Rebekka Nilsen

I Molvær barnehage har vi jobba fram eit felles verdigrunnlag, dette skal alle jobbe etter, og vi skal sjå, kjenne og høyre det i det daglege arbeidet i barnehagen.

VÅRE GRUNNVERDIER ER:

M MEISTRING I Molvær barnehage skal dei vaksne vere støttande stilas for barna.

O OMSORG I Molvær barnehage skal barna møte autoritative vaksne.

L LEIK I Molvær barnehage skal dei vaksne tilrettelegge gode leikemiljø.

V VENNSKAP I Molvær barnehage har dei vaksne ansvar for at barna får vener å leike med.

Æ ÆRLEG I Molvær barnehage skal vi opparbeide gode relasjonar både til barn og foreldre, slik at dei kjenner seg trygge.

R RAUS I Molvær barnehage skal dei vaksne vere løysingsorienterte, og ikkje vere redd for å gi litt ekstra!

ÅRSPLANEN VÅR

Er er laga av personalet og er delt inn i to delar.

DEL 1

finn de på heimesida til barnehagen. Årsplanen skal mellom anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Progresjon skal tydeleggjerast, dette betyr at personalet skal utvide og byggje vidare på barna si interesser og gi barna varierte erfaringar og opplevingar. Årsplanen skal også synleggjere korleis medverknaden frå barn og foreldre blir teken inn i arbeidet. Meir om korleis vi i Molvær barnehage jobbar med dette finn de på heimesida til barnehagen: Sula kommune - Molvær barnehage - årsplan.

DEL 2

er laga som ein kalender og gir informasjon om barnehagen sitt innhald, arbeidsmetodar og målsettingar.

Årsplanen har fleire funksjonar:

- Arbeidsreiskap for barnehagepersonalet til å styrke verksemda i ei bevisst og uttalt retning.
- Utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen.
- Grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen.
- Informasjon om det pedagogiske arbeidet til eigaren dvs. kommunen, politikarane, samarbeidspartar og andre interesserte.

Anne-Kari Vadset

styrer



Barnehagen sitt samarbeidsutval har godkjent årsplankalenderen.


IST Home og IST Daglig dialog

Barnehagen nyttar IST Daglig dialog, eit system for kommunikasjon mellom barnehage og heim. De foreldre nyttar appen IST Home, som de finn på AppStore og på Google Play. For å sikre informasjonen om barnet ditt er det nytta sikker pålogging i appen. Foreldre loggar inn og kan her melde fråvær, registrere fri/ferie, legge inn kven som kan hente barnet og kommunisere med dei tilsette og avdelinga, gjennom chat-funksjonen. Foreldre må legge inn opphaldsplan for barnet.
Barnehagen nyttar systemet for å registrere når barnet kjem og blir henta.

DEI 7 FAGOMRÅDA

Rammeplan for barnehagen deler innhaldet inn i 7 fagområde, som skal vere sentrale for oppleving, utforsking og læring.





KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

KUNST, KULTUR OG KREATIVITET


KROPP, RØRSLE MAT OG HELSE

ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

MENGD, ROM OG FORM



De kan de lese meir om korleis vi i Molvær barnehage jobbar med fagområda på heimesida vår:
sula.kommune.no/tenester/oppvekst-og-utdanning/barnehage/barnehagar-i-sula-kommune/molvar-barnehage/arsplan/fagomrade/

UTVIKLINGSARBEID OG FOKUS FOR BARNEHAGEÅRET 2026/2027

LES, SYNG OG LEIK MED MEG!

Gjennom utviklingsarbeidet les, syng og leik med meg, vil vi løfte fokuset nettopp på desse områda. Vi ser stor verdi og mange utviklande moglegheiter i både lesing, sang/musikk, og leik. Dette er nokre av dei sterkaste drivkreftene for barna si utvikling – og dei påverkar både språk, tenking, følelsar, relasjonar, fellesskap, og læring på ulike måtar.

INTERNASJONALT SAMARBEID

Gjennom Erasmus+ har tre av våre tilsette våren -26 vore på besøk i ein musikkbarnehage i Danmark. Her vart vi inspirert i ulike måtar å bruke musikk i barnehagen. Erasmus + er verdas største utdanningsprogram og støtter samarbeidsprosjekt i heile utdanningsløpet frå barnehage og oppover. Gjennom ei satsing på eit europeisk utdanningssamarbeid vil vi auke den kulturelle forståinga for borna i Sula. Vi kan utvide horisonten vår samtidig som vi vil bli betre på å inkludere dei som kjem frå andre land til Sula. I eit Europa i stadig endring er det viktig med eit tett og godt samarbeid. Sula kan også bidra med erfaringar og kunnskap på viktige områder for samarbeidspartnarar. Dette ønsker vi i Molvær å vere ein del av, og ser fram til nye studieturar og prosjekt dette barnehageåret også!





LIVET I FJØRA



Molvær barnehage har fjøra og sjøen som næraste nabo.

Vi ønsker å gi barna mange og varierte erfaringar med dette flotte området i all slags ver og gjennom dei ulike årstidene. Ein del av dette vil også vere å oppleve og erfare kva som er i fjøra, kva som høyrer til der og ikkje. Gjennom erfaring, undring og samtale om livet i fjøra, ønsker vi å skape ei gryande forståing for samspelet i naturen. Vi menneske har eit etisk ansvar for å ta vare på naturen rundt oss. Vi vil fremme bevegelsesglede i fjøra og knyte innhald opp mot dei 7 fagområda.





AKSJONSDAG

Kvart år, i slutten av april, har vi aksjonsdag i barnehagen.
Det er ein tradisjon vi er stolte av å ha. På sjølve aksjonsdagen opnar vi barnehagen kl. 12.30-15.30 for ALLE som vil kome å kjøpe lodd, kaker og kaffi.
Men før vi kjem så langt ligg det mykje godt arbeid til grunn frå både barn og vaksne. Vi startar alt hausten før med å lage gevinstar. Barna er med og plukkar/haustar frukt og bær, som vi lagar smakfulle gevinstar av; saft, sylte og gele. Når det nærmar seg den store dagen vil vi be om hjelp fra foreldre til å bake til kafèen.

Vi samlar inn pengar til ein organisasjon som jobbar for menneske som treng hjelp.
Vi ønskar at barna i Molvær barnehage skal få erfaring med solidaritet, inkludering og mangfaldet i samfunnet vårt, og at vi, kvar og ein, kan vere med og gjere ein forskjell for andre.

I 2026 samla vi inn vel kr 32 000,- til Hjerterom Sula.







2026



2027





AUGUST 2026

SYNGENDE BARNEHAGE


HEISANN ALLE SAMMEN
BLÅBÆRTUREN
EN SANG FOR Å KOMME I GANG

LIVSMESTRING OG HELSE
TILKNYTING OG VENNSKAP

MOTO-LEIK
UTEAKTIVITET

DEN FØRSTE TIDA I BARNEHAGEN

- Har vi ei fast rutine på dagen. Den hjelper barna til å orientere seg, og skape tryggleik
- Vi syng mykje saman. Å synge skaper glede, bygger vennskap og styrker tilknytinga
- Vi set av god tid til leik ute og inne
- Vi blir kjende med barna sine interesser og behov
- Personalet og nye foreldre blir kjende med kvarandre









TILKNYTING OG OPPSTART

August er tida for oppstart og tilknytingsprosessar. For dei nye barnehagebarna handlar denne første perioden om å skape gode og trygge relasjonar både til personalet og dei andre barna i barnehagen. Vi ønsker at barn og føresette skal oppleve tilknytingsperioda som trygg og omsorgsfull.

Trygge foreldre = trygge barn.

August er også tida då «gamle» og «nye» barn og personale møtast, og nye vennskap og relasjonar skal skapast.



	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
31						1	2
32	3	4	5	6	7	8	9
33	10	11	12	13 PLANLEGGINGSDAG barnehagen stengt	14 PLANLEGGINGSDAG barnehagen stengt	15	16
34	17	18	19	20	21	22	23
35	24	25	26	27	28	29	30
36	31						







SEPTEMBER 2026

SYNGENDE BARNEHAGE

EPLER OG PÆRER
LILLE PETTER EDDERKOPP
BRANNMANNSANGEN (BJØRNIS)

LIVSMESTRING OG HELSE
TILKNYTING
OG VENNSKAP

MOTO-LEIK

GRUNNLEGGANDE
AKTIVITET



BARNA SKAL FÅ KJENNSKAP TIL BRANNVERN

Brannføreskriftene pålegg barnehagen å gjennomføre min. 2 brannøvingar for året. Barnehagen ønsker at personalet og barna skal vere trygge på evakuering og rutinane rundt ein eventuell brann i barnehagen sine lokale. Når vi har brannvernopplæring støttar vi oss på materiell frå Brannbamsen Bjørnis.

Barna skal mellom anna få:

- Høyre lyden av røykvarslaren.
- Lære kva dei skal gjere når dei høyrer røykvarslaren
- Ein finn god informasjon inne på www.brannbamsen.no



LES, SYNG OG LEIK MED MEG

Vi vil ha fokus på leik for å skape rom
for å danne nye vennskap og gode relasjonar.

Leik er ein arena for m.a. sosial trening, språk,
kommunikasjon, kreativitet og fantasi.

Barna sin leik har eigenverdi og skal ha plass
i kvardagen, både inne, ute og på tur.







TUR –OG AKTIVITETSGRUPPER

Vi startar opp med tur- og aktivitetsgrupper.
Vi har som mål at barna skal få
positive opplevingar og erfaringar
ute i naturen og nærmiljøet vårt.

	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
36		1	2	3	4	5	6 
37	7 Friluftslivets veke UT I NATUREN	8 →	9	10	11	12	13
38	14  Brannvernveke	15 →	16	17	18	19	20
39	21  Brannvernveke	22 →	23	24  TURBOTRÅKK	25	26	27 
40	28	29	30				

OKTOBER 2026

SYNGENDE BARNEHAGE

LYKKELIG SOM LITEN
BJØRNEN SOVER
TEDDYBJØRNENS VISE

LIVSMESTRING OG HELSE

MEG SJØLV

MOTO-LEIK

KINETISK SANS OG
AUGE-HAND TRENING



LES, SYNG OG LEIK MED MEG

Vi startar eit bokprosjekt der barna kan
ta med kvar si bok til barnehagen.

Vi set fokus på ei bok om gangen og arbeidar
med innhaldet på ulike måtar.

Prosjektet skal bidra til leseglede,
språkutvikling, fellesskap og medverknad.



BURSDAG I BARNEHAGEN

Vi flaggar for barnet og heng opp ballongar og bilder
av jubilanten. Barna får krone og bursdagsgåve,
som dei har vore med å pynta sjølv.
I bursdagsamling set vi fokus på bursdagsbarnet
slik barnet ønsker det sjølv. Dei får vere med
å velge bursdagssong og innhaldet i samlinga;
song, eventyr, leikar og liknande.
Barnehagen ordnar med bursdagsmaten.
Borda blir dekka som til eit bursdagsselskap
og vi serverer yoghurt med frukt og bær.







	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
40				1	2	3	4
41	5	6 	7	8	9	10	11
42	12	13  Førskuletreff	14  Sveledagen	15	16	17	18
43	19	20	21	22	23	24	25
44	26	27 Teddybjørndagen 	28	29	30 	31	

NOVEMBER 2026

SYNGENDE BARNEHAGE

BLINKE BLINKE STJERNE LILL
BARNEHAGESANGEN
DESEMBERSANG FOR OSS

LIVSMESTRING OG HELSE
FAMILIEN

MOTO-LEIK
BERØRINGSSANS







LES, SYNG OG LEIK MED MEG

Vi held fram med bokprosjektet
også i november.



Mot slutten av månaden startar vi med

JULEVERKSTAD

Då lagar vi julegåver, syng julesongar og
øver på vår eigen desembersong!





DESEMBERSANG FOR OSS

laga av Trude Ø Tryggestad

Desember det er kjeledress, desember det er vott
Desember er ein lusekatt og kos på fang så godt.
Desember det er julesang og små glimt med magi
Desember er å vere saman, desember er å gi.

Ref.
Tenk om vi får snø i år, og is på bakken her.
Tenk om vi får gå på ski og bruke haugen der.
Tenk om vi får snø i år, på heile Molvær land...
Tenk om vi fikk fange våte snøfnugg i ei hand.

Desember det er pepperkaker, lukter klementin
Vi pynter heile barnehagen – gjett om den er fin
Desember kjennest god og varm, med strikkekle og ull
Desember det er lesestund og vanleg tøys og tull...

Ref.

	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
44							1
45	2	3	4	5	6	7	8
46	9	10	11	12 Julelystenning	13	14	15
47	16 Juleverkstad	17 →	18	19	20	21	22
48	23 Juleverkstad	24 →	25	26	27	28	29
49	30						

DESEMBER 2026

SYNGENDE BARNEHAGE

JULEKVELDSVISA
PÅ LÅVEN SITTER NISSEN
SVART SENKER NATTEN SEG

MOTO-LEIK

HØRSELSSANS OG FINMOTORIKK

LUCIAFEIRING

Vi ønsker å invitere foreldre og søsken til Lucia feiring i barnehagen på morgonen **11. desember.**

Barna på Mølen og Køyla går i Luciatog og syng. Barna på småbarn er publikum saman med foreldra.

Vi avsluttar markeringa med gløgg/saft og lussekattar.

LIVSMESTRING OG HELSE

FAMILIEN

LES, SYNG OG LEIK MED MEG

Gjennom forteljingar, sang, leik og kreative aktivitetar ønsker vi å gi barna kjennskap til tradisjonar knytt til desember og jul.

Vi utforskar jula gjennom bøker, forming, fellesskap og opplevingar i nærmiljøet.



BARNA SKAL FÅ KJENNSKAP TIL ULIKE JULETRADISJONAR

AKTIVITETAR FØR JUL:

- Juleverkstad • Adventsamling • Julesangar • Pynte med lys, lenker og nissar
- Gå rundt juletreet • Julebuffet • Lucia feiring/markering; 4 og 5 åringane går i Luciatog og syng for dei på Molvær senter og Molværsvegen. 1-3 åringane «feirer» i barnehagen
- Nissefest • Barnehagegudsteneste • Julevandring i kyrkja for førskulebarna.









	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
49		1	2  Julebuffet	3	4	5	6
50	7	8	9	10  Julegudsteneste	11  Lucia markering	12	13
51	14	15	16	17  Nissefest	18	19	20
52	21	22	23	24 Julaften	25 **1. juledag**	26 **2. juledag**	27
53	28	29	30	31 Nyttårsaften			

JULEFERIE - BARNEHAGEN STENGT

JANUAR 2027

SYNGENDE BARNEHAGE

FEM SMÅ SNØMENN UT I HAGEN
(REGLE)
SNØGUBBER
JEG SNØRER MIN SEKK

LIVSMESTRING OG HELSE
SOSIAL KOMPETANSE

MOTO-LEIK
BALANSESANS









LES, SYNG OG LEIK MED MEG

Vi leikar ei bok!
Boka vi les blir utgangspunkt
for rolleleik og dramatisering.

Her kan barna leve seg inn i handlinga,
prøve ulike roller og gjenfortelle boka
med kropp, språk og fantasi.



VINTERFESTIVAL

Småbarn arrangerer
festival med vinteraktivitetar
for heile barnehagen.

Etter jul kjem barna tilbake
til barnehagen med mange
opplevingar. Då er det naturleg
at vi gir rom for litt juleinnhald i
januar også. Sjølv om «jula varer
heilt til påske...», må vi
nok rydde ut jula litt etter litt
og feire det nye året.

	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
53					1 **Nyttårsdag**	2	3
1	4 PLANLEGGINGSDAG barnehagen stengt	5	6	7	8	9	10
2	11	12	13	14	15	16	17
3	18	19	20	21	22	23	24
4	25	26	27	28	29	30	31

FEBRUAR 2027

SYNGENDE BARNEHAGE

SKIN PÅ MEG SOL
LÁBBÁŽAN – BÆ BÆ LILLE LAM
MASKEN PÅ, SKYND DEG NÅ,
KARNEVAL

LIVSMESTRING OG HELSE

SOSIAL KOMPETANSE

MOTO-LEIK

KOORDINASJON

LES, SYNG OG LEIK MED MEG

Barna skal få muligheten til å oppleve musikk og sanglede gjennom å eksperimentere med lyd, rytme og bevegelse. Knytt opp mot dei ulike arrangementa.

SAMEFOLKETS DAG



Barnehagen skal synleggjere samisk kultur og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensler for det samiske mangfaldet. (Rammeplanen for barnehagen)

Gjennom temaarbeid med ulike aktivitetar, leik, formingsaktivitetar og eventyr vil vi bidra til at barna får kjennskap til samane sitt liv og kulturen deira.







No kjem endeleg sola tilbake til barnehagen. Då må vi ha solfest!

SKIN PÅ MEG SOL,
SKIN PÅ MI ARM.
SKIN PÅ MI HAND,
SOL GJER MEG VARM.
SKIN PÅ MEG SOL,
SKIN I DENNE STUND.
SKIN PÅ MITT AUGE,
MITT KINN OG MIN MUNN

KARNEVAL

I tida før karnevalet vil vi førebu oss med å kle oss ut, høyre musikk og lage instrument.

Slik gjer vi det i Molvær barnehage:

- Barn og vaksne kler seg ut
- Karnevalstog m/musikk
- Karnevalssamling
- Katta i sekken



	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
5	1	2	3	4 	5	6  Samefolkets dag	7
6	8	9	10 	11  Solfest	12	13	14
7	15	16	17	18 	19  Karneval	20	21
8	22 	23	24	25 	26	27	28

MARS 2027

SYNGENDE BARNEHAGE

EIN LITEN KYLLING
PÅSKEVISE

LIVSMESTRING OG HELSE
SOSIAL KOMPETANSE

MOTO-LEIK
STABILITET OG BALANSE



PÅSKEFRUKOST

i veke 11 inviterer vi foreldre og søsken til å ete frukost saman med oss.

PÅSKEFØREBUINGANE

Vi startar påskeførebuingane og lagar påskepynt, sår karsefrø, lærer påske- og vårsongar.


Det blir påskevandring i kyrkja for førskulebarna. Barnehagen vil ha eit tilbod for dei barna som ikkje skal vere med i kyrkja. Hugs å meld frå til avdelinga.















GOD PÅSKE

TIL SMÅ OG STORE
I MOLVÆR BARNEHAGE





LES, SYNG OG LEIK MED MEG

Gjennom fortellingar, sang, leik og kreative aktivitetar blir barna kjend med påsketradisjonar og kulturarv.

Vi utforskar påska gjennom bøker, forming, fellesskap og naturopplevingar i nærmiljøet.

	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
9	1	2	3	4	5	6	7
10	8	9  Barnehagedagen	10	11	12	13	14
11	15	16	17 Påskefrukost	18 Påskefrukost	19	20	21 **Palmesøndag**
12	22	23	24	25 **Skjærtorsdag**	26 **Langfredag**	27	28 **1. påskedag**
13	29 **2. påskedag**	30	31				

PÅSKE - BARENHAGEN STENGT

APRIL 2027

SYNGENDE BARNEHAGE

MAUREN
HYSJ, KAN DU HØRE?
ALLE FUGLER

LIVSMESTRING OG HELSE
MANGFALD

MOTO-LEIK
KASTE/
SPARKE AKTIVITET



Vi vil ha fellesdugnad
på uteområdet vårt
og i Geilnesfjøra.
Vi vil lære om
kildesortering.











Fredag 30. april

AKSJONSDAG

Vi inviterer foreldre, søsken,
besteforeldre m.fl. til barnehagen.

Her blir det kafè, tombola, loddbøker.
Inntekta går til ein organisasjon som hjelper barn.

I 2026 samla vi inn kr 32 000,-
til Hjerterom Sula.

LES, SYNG OG LEIK MED MEG

Barna skal få moglegheit til å oppleve glede og
fellesskap gjennom leik og sang/sangleikar.

Gjennom leik, sang og fortellingar legg vi til rette
for omsorg, inkludering og solidaritet.

No om våren undrar vi oss over små og store
endringar i naturen og nytt liv som tek til.



	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
13				1	2	3	4
14	5	6	7	8	9	10	11
15	12	13	14  Førskuletreff	15	16	17	18
16	19	20	21	22	23	24	25
17	26	27	28	29	30  Aksjonsdag		

MAI 2027

SYNGENDE BARNEHAGE

JA VI ELSKER
LILLE MÅLTROST
JEG GIKK EN TUR PÅ STIEN

LIVSMESTRING OG HELSE
MANGFALD

MOTO-LEIK
HOPPEAKTIVITET

LES, SYNG OG LEIK MED MEG

Gjennom lesing, historie, sang og leik
vil vi ha fokus på kvifor og korleis
vi kan feire 17. mai.

TILKNYTING OG BESØKSDAGAR

Barna frå Jakobfjøra og Geilneset,
som skal over til Mølen eller Køyla frå hausten av,
vil i tida framover gå på besøk og bli kjend
med den «nye» avdelinga si.

17. MAI-ROPET VÅRT

AKTIV OG GLAD, HIPP HURRA,
I MOLVÆR BARNEHAGE
HAR VI DET BRA!
HURRA! HURRA! HURRA!







HIPP HIPP HURRA!

14. MAI - PRØVETOG

Vi går i prøvetog saman med dei andre barnehagane i Langevåg. Då øver vi på å gå i tog og vi syng nasjonalsongen og andre songar vi syng til 17. mai. Toget går med eige korps frå Sulatunet, forbi Rådhuset og til Molværsvegen. Etter prøvetoget går vi tilbake til barnehagen og lagar fest og moro med leikar og felles måltid.

17. MAI

går barnehagen under eiga fane i toget.
Leiaren i samarbeidsutvalet (SU)
ved barnehagen har ansvaret for fana.



	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
17						1 **Offentlig høytidsdag**	2
18	3	4	5	6 **Kristi himmelfartsdag**	7 PLANLEGGINGSDAG barnehagen stengt	8	9
19	10	11	12	13	14  Prøvetog til 17. mai	15	16 **1. pinsedag**
20	17 **Grunnlovsdag** **2. pinsedag**	18	19	20	21	22	23
21	24	25	26	27	28	29	30
22	31						

JUNI 2027

SYNGENDE BARNEHAGE

BELLA MAMA
SOMMER KOMMER
BAKVENDTLAND

LIVSMESTRING OG HELSE
MANGFALD

MOTO-LEIK
UTEAKTIVITET



LES, SYNG OG LEIK MED MEG

Vi flyttar mykje av leiken ut. Vi syng, leikar og les ilag, og ønsker å legg til rette for glede, fellesskap og gode opplevingar ilag.



VI VIL VERE MYKJE UTE OG OPPLEVE SOMMAREN.
AKTIVITETAR KAN VERE SONGLEIKAR, REGELLEIKAR OG DRAMATISERING.




SOMMARFESTIVAL

Småbarn arrangerer sommarfestival på barnehagen for barn og personale.

SOMMARAVSLUTNING

På ettermiddagstid inviterer vi foreldre og søsken til sommarfest i barnehagen.
Det blir også ei ekstra markering for dei barna som skal starte på skulen til hausten.
Dei vil få utdelt ei «minnebok» frå heile tida dei har gått i barnehagen.

TIL DEI BARNA SOM NO SKAL STARTE PÅ SKULEN VIL VI I BARNEHAGEN TAKKE FOR MANGE FINE STUNDER ILAG! LYKKE TIL VIDARE!



	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
22		1	2	3	4	5	6
23	7 PLANLEGGINGSDAG barnehagen stengt	8	9	10 SOMMERAVSLUTNING for alle	11	12	13
24	14	15	16	17	18	19	20
25	21	22	23	24	25 IS-FREDAG	26	27
26	28	29	30				

JULI 2027

VI VIL VERE MYKJE UTE OG OPPLEVE SOMMAREN



GOD SOMMAR TIL ALLE BARN OG FORELDRE I MOLVÆR BARNEHAGE!

	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
26				1	2	3	4
27	5	6	7	8	9	10	11
28	12	13	14	15	16	17	18
29	19	20	21	22	23	24	25
30	26	27	28	29	30	31	

SOMMARFERIE

TAKK FOR EIT FINT BARNEHAGEÅR!

Layout & print: www.kortshop.no